



Hardangerbrua AS  
v/ Einar Lutro

5781 LOFTHUS

Dato: 19.02.2016  
Vår ref.: 2014/14570-50  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Oppfølging - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 11/16 «Oppfølging – Selskapskontroll av Hardangerbrua AS» etter møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 16.2.16.

Det er punkt 2 i vedtaket som skal følgjas opp av Hardangerbrua AS.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:

Fylkesordføraren

Arkivnr: 2014/14570-44

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	11/16	16.02.2016

### Oppfølging - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS

#### Bakgrunn for saka:

**Fylkestinget i Hordaland gjorde slikt vedtak i sak PS 5/15 «Selskapskontroll av Hardangerbrua AS» i møte 10.3.15.**

*«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber fylkestinget om at:*

#### **Hardangerbrua AS syter for å:**

- Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:*
  - Utarbeide styreinstruks*
  - Gjennomføre eigenevaluering for styret*
  - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar*
  - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver*
  - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid*
  - Slutte seg til KS sitt styrevervregister*
- Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.*
- Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.*
- Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*
- Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

**Fylkesrådmannen syter for å:**

6. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
7. Stille krav til selskapsstyret om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
8. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
9. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i samband med handsaming av referatsak RS 46/15 i møte 17.6.15 som gjaldt tilbakemelding frå fylkesrådmannen på denne selskapskontrollen:**

«Kontrollutvalet ser positivt på at ein i eigarskapsmeldinga har vedteke at styrerepresentantar og folkevalde etter neste val skal få tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar. Vidare registrerer ein at fylkesrådmannen har gjort Fastlandssamband Halsnøy AS og Hardangerbrua AS merksam på andre krav som også går fram av KS sine tilrådingar, jf. RS 47/15 og 48/15. På bakgrunn av at det er val hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.»

**I samband med handsaming av RS 47/15 Oppfølging etter selskapskontroll av Hardangerbrua AS gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 17.6.15**

«Kontrollutvalet registrerer at Hardangerbrua AS ikkje har meldt tilbake innan fristen 1.6.15 kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, jf. partsbrev dagsett 18.3.15. Utvalet ber om at slik tilbakemelding vert sendt sekretariatet seinast innan 10.8.2015.»

**Kontrollutvalet handsama «Handlingsplan Hardangerbrua AS» etter selskapskontroll av selskapet, i møte 24.8.15 og det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet ser positivt på at Hardangerbrua AS har sett i verk nokre av tiltaka som går fram av vedtaket i fylkestinget. På bakgrunn av at det er planlagt at fleire av tiltaka, punkt 1 og 4, skal setjast i verk i samband med hhv. valet hausten 2015 og for rekneskapsåret 2016, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.»

Drøfting:

**Svar frå fylkesrådmannen** dagsett 1.12.15 ligg ved som vedlegg 1. Av denne går det fram at det på det tidspunktet enno ikkje var gjort nyval til styret og at dei tre punkta i vedtaket difor heller ikkje var ferdig gjennomført.

**Svar frå Hardangerbrua AS** dagsett 14.1.16 ligg ved som vedlegg 2 og 3. Av svaret har sekretariatet registrert følgjande:

I høve punkt 1 i vedtaket er styreinstruks utarbeidd og vedteke av styret. Dei andre kulepunktka i punkt 1 er planlagt gjennomført i februar 2016/etter årsmøtet 2016. Når det gjeld punkt 4 går det fram av svaret at denne kan kanskje forbeholdt noko.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram av svaret frå fylkesrådmannen tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber om nytt svar på dei tre punktka i vedtaket med frist til 30.6.16.

Vidare vert det på bakgrunn av det som går fram av svaret frå Hardangerbrua AS tilrådd at kontrollutvalet ber om nytt utfyllande svar på resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 etter at årsmøtet er halde, t.d. med frist til 30.6.16.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punktka i vedtaket innan 30.6.16.
2. Kontrollutvalet registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punktka i vedtaket innan 30.6.16.
2. Kontrollutvalet registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Tilbakemelding selskapskontrollar i Fastlandssambandet Halsnøy og Hardanger brua jfr RS 49/15  
Handlingsplan
- 2 01.14. Oppfølging selskapskontroll
- 3 15.10.07. Styreinstruks for Hardangerbrua As